

Tabell B-fk

Overgangsordninga for fylkeskommunane 2018

Overgangsordninga er innretta slik at fylkeskommunar som fekk ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2015, fekk att 4/5 av reduksjonen første året i overgangsordninga. Tilsvarande fekk fylkeskommunar som fekk auka rammetilskot etter endringane i 2015 berre 1/5 av auken det første året. Sidan 2015 er fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet fasa inn med 1/5 kvart år. Fylkeskommunar som fekk ein reduksjon i rammetilskotet i 2015 får kompensert 1/5 av reduksjonen i overgangsordninga i 2018. Fylkeskommunar som fekk ein auke i rammetilskotet i 2015 får redusert auken med 1/5 i 2018. I 2019 vil fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2015 vere fasa inn og få fullt utslag i rammetilskotet til fylkeskommunane.

I 2015 blei midlar til ferjeavløysingsprosjekt som fylkeskommunane overtok frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010 lagt inn i utgiftsutjamninga. Dette førte til omfordeling frå fylkeskommunar som hadde ferjeavløysingsprosjekt til andre fylkeskommunar, sjølv om store delar av omfordelinga blei fanga opp av mellom anna overgangsordninga og tapskompensasjonen. I 2016 blei ferjeavløysingsmidlane igjen gjeve med ei særskild fordeling og lagt i tabell C. For å unngå at fylkeskommunane med ferjeavløysingsprosjekt blei dobbeltkompenserte, blei overgangsordninga utrekna på nytt i 2016, basert på dei nye føresetnadene.

Kolonne 1 – Fordelingsverknad med fullt utslag, korrigert utrekning 2016 (1 000 kr)

Kolonne 1 viser fordelingsverknadene av nytt inntektssystem med fullt utslag. Kolonnen viser fullt utslag i 2015, dersom ferjeavløysingsmidlane ikkje hadde blitt trekte ut av tabell C i 2015. Beløp er vist i 2015-kroner.

Kolonne 2 – Fordelingsverknad med fullt utslag, korrigert utrekning 2016 (kroner per innb.)

Kolonne 2 viser fordelingsverknadene av nytt inntektssystem med fullt utslag. Kolonnen viser fullt utslag i 2015, dersom ferjeavløysingsmidlane ikkje hadde blitt trekte ut av tabell C i 2015. Beløp er vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Overgangsordninga 2018

Kolonne 3 viser overgangsordninga for 2018. Beløpet er 1/5 av fordelingsverknaden med fullt utslag i kolonne 1, med motsett forteikn. Overgangsordninga er prisjustert til 2018-kroner.